



Foss Eiendomsselskap AS  
Kvassnesvegen 23  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/27 - 16/32033

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
22.11.2016

## Varsel om pålegg om installering av ny fettutskiljar - gbnr 188/400 Gjervik Ytre

Lindås kommune ved Teknisk drift har registrert at det i Kvassnesvegen 23 vert produsert «thai mat» i Knarvik bakeriutsalgs sine lokale. Dette utløyer krav om større fettutskiljar i Kvassnesvegen 23.

Knarvik bakeriutsalgs har opplyst til kommunen om at dei utfører vask på kjøkenet til Venezia Pizza og brukar eksisterande fettutskiljar i dette lokalet. Som tidlegare korrespondanse mellom Dykk og kommunen syner, har anlegg ved Venezia Pizza ikkje stor nok kapasitet til å handtere produksjonen ved Venezia Pizza. Tømmeoperatør opplyst til kommunen om at dei ikkje får nødvendig tilgang til anlegg for å tømme dette forsvarleg. Anlegg vert tømt frå utløp slik at mykje av fett vert liggande igjen i anlegget.

I samband med det vi har registrert og melding frå tømmeoperatør gir Teknisk drift nå eit varsel om pålegg med å få på plass eit større anlegg ved Kvassnesvegen 23. Nytt anlegget skal ha stor nok kapasitet til å kunne handtere matproduksjon ved både Venezia Pizza og Knarvik bakeriutsalgs. Det nye anlegget skal være plassert utvendig, under bakkenivå, slik at tømmeoperatør får forsvarleg tilgang til dette.

Vi ber Dykk om å ta kontakt med røyrleggar for å få sendt inn ny søknad om fettutskiljar. Med søknad skal det leggest ved beretningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg. I berekningsgrunnlaget skal ein høgde for maks produksjon ved begge verksemdene. Med søknad skal det leggest ved eit situasjonskart som viser plassering av anlegg og tilknytingspunkt til kommunalt leidningsnett.

### Frist for innsending av søknad:

Teknisk drift sett ei frist for innsending av søknad til **laurdag 31.12.2016**. Dersom kommunen ikkje har motteke søknaden innan denne frista, vil vi fatte vedtak om pålegg med frist for å få på plass nytt anlegg.

Fett i leidningsnett kan føre til at dette vert tetta igjen og gje aukt risiko for tilbakeslag av kloakk/fetthaldig avløpsvatn gjennom slukar i golv og i toalett. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike tilbakeslag. Kostnadar i samband med slike hendingar er huseigar sitt ansvar.

*Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløyye for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift nå krev installering av større fettutskiljar ved*



*Kvassnesvegen 23. Fettutskiljaranlegg som er tilknytt offentleg spillvassleidning skal sørge for at vegetabil og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på leidningsnettet og til reinseanlegg og påfører dette skade.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arne Helgesen  
Atle Dingen

**Mottakarar:**

Foss Eiendomsselskap AS

Kvassnesvegen 23 5914

ISDALSTØ